



## Referat frå kommunemøte torsdag 01. juli 2021

**Tema:** Koronaberedskap

**Deltakarar:** Statsforvaltaren, kommunane, helseføretaka, fylkeskommunen, Sivilforsvaret og KS

**Møtleiar:** Anne Fasmer Eide

### Innhald

1. Informasjonssaker .....	1
2. Gjennomføring av arrangement i valkamp .....	2
3. Oppheving av ordning med ventekarantene .....	2
4. Vaksine og spørsmål kring utsendt liste om prognose for utsending av vaksinedosar .....	2
5. Tal på vaksinedosar, utsending av både Pfizer/Biontech og Moderna sine vaksinar .....	3
6. Vaksinerings av personar utan DUF eller D-nummer .....	3
7. Prioritering av vaksinar til tilsette i skule/barnehage/SFO.....	3
8. Epidemiologisk rapport .....	3
9. Bestilling av influensavaksine .....	4
10. Avslutning.....	4

### 1. Informasjonssaker

- **Kommunemøte i sommar**

Dette er siste faste kommunemøte før sommarferien, neste ordinære møte blir torsdag 12. August. Vi har vanleg beredskap gjennom heile sommaren, og vurderer undervegs om det kan vere aktuelt å kalle inn til møte.

Beredskapsadressa vår: [sfvlberedskap@statsforvalteren.no](mailto:sfvlberedskap@statsforvalteren.no), vakttilf: 916 99 098.

Vi oppmodar kommunane om å ha ein låg terskel for å melde frå til oss når det måtte dukke opp spesielle problemstillingar.

- **Rapportering i sommar**

Vi har tidlegare informert om dette, og sendte dykk eit skriv frå Helsedirektoratet denne veka med m.a. informasjon om kva som skal rapporterast på i sommarperioden (frå kommande rapporteringsfrist til og med veke 32). Kort oppsummert skal det rapporterast kvar veke som vanleg, men i noko mindre skala.

Dei som skal rapportere i sommar søker om å få tildelt rolle på vegner av kommunen, vi godkjenner fortløpande. <https://rapportering.fylkesmannen.no/Content/Docs/Brukerveiledning.pdf>



- **Informasjon frå Statsforvaltaren i sommar**

Vi legg igjen ved lenke ved utsending av referatet for ev. registrering av e-postadresser til personar som de ønskjer skal få informasjon frå oss på e-post i sommar med tanke på fungering i sommar. Det vil sei i tillegg til dei mottakarane som får informasjon i dag. Det er ikkje noko frist for dette, vi oppdaterer fortløpande.

### 2. Gjennomføring av arrangement i valkamp

Det har kome inn spørsmål til andre statsforvaltarar om korleis arrangement i samband med valkamp kan gjennomførast og kva reglar som gjeld. Helsedirektoratet har sagt at dei snart kjem med avklaringar. Vi sender ut informasjon så snart vi får det.

### 3. Oppheving av ordning med ventekarantene

Regjeringa tok avgjerd i går om å oppheve ordninga med ventekarantene. Vi sendte ut endringsforskrift og lenke til artikkel med informasjon på regjeringas nettsider i går ettermiddag.

Vi gjer merksam på at der òg står: *Kommunene kan selv innføre lokal ventekarantene dersom de anser det som nødvendig, slik tilfellet var før ordningen med nasjonal ventekarantene trådte i kraft 29. mars.*

Forskriftsendrainga gjaldt frå midnatt natt til i dag.

### 4. Vaksine og spørsmål kring utsendt liste om prognose for utsending av vaksinedosar

Det har vore fleire spørsmål kring publisert liste om prognose for vaksineutlevering, både til Statsforvaltaren og FHI. FHI presiserer at lista er laga ut frå ei prognose, som vil bli meir sikker jo nærare ein kjem tidspunkt for utlevering.

Vi har stor forståing for at kommunane har behov for ei så presis melding om tal dosar så tidleg som mogeleg, og FHI kjem med dette så tidleg dei klarer. Såkalla minuskommunar vil som de kjenner til få færre vaksiner dei neste vekene enn tidlegare førespegla, og det er i hovudsak på grunn av færre leveransar til landet. Det har også blitt ei skeivfordeling i vaksineprogresjon då ein del minuskommunar i tillegg har ein høg gjennomsnittsalder i befolkninga, og mange har få tilsette i sjukehus, slik at få/ingen får frå vaksine frå helseføretak. Høgare oppslutning om koronavaksinasjonsprogrammet enn FHI hadde berekna er også medverkande årsak.

Om leveransar vert auka, vil minuskommunar bli forsøkt kompensert for dette. FHI ser at ein del plusskommunar og nøytrale no nærmar seg å ha tilbydd alle over 18 år ein dose. Det er bedt om at dette vert kartlagt, for å kunne omfordele vaksinar til minuskommunar i heile landet framover sommaren. I hovudsak gjeld denne kartlegginga Oslo, Viken og Vestfold og Telemark. I Vestland er det berre Bergen kommune vi har bedt om tilbakemelding om dette frå.



### 5. Tal på vaksinedosar, utsending av både Pfizer/Biontech og Moderna sine vaksinar

Det har vore spørsmål om tal på vaksinedosar som ligg inne i utsendt prognose for vaksineutlevering. Desse tala går ikkje opp i 6 dosar pr hetteglas. Årsaka er at det er ulikt antal dosar pr hetteglas avhengig av vaksinetype (Pfizer/Biontech 6 dosar, og Moderna 10 dosar). Kommunane i Vestland kan kome til å få utlevert begge vaksinetypar i løpet av same veke, og antal dosar går difor ikkje opp i 6 eller 10. Om lag 1,5 veke før utlevering, vil veka bli "grøn" i oversikten, og det vil då gå fram kor mange hetteglas kommunen får av den einskilde vaksinetypen. FHI anbefalar at ein kallar inn personar ut frå prognose i grøne veker, gule veker har moderat usikkerheit, og skal helst nyttast til å planleggje innkalling av personell. Statsforvaltaren vil prøve å få eit estimat frå FHI om kva veke kommunar i Vestland kan rekne med å få tildelt Modernavaksiner.

### 6. Vaksinerings av personar utan DUF eller D-nummer

Dei som ikkje har det, skal ikkje registrerast i SYSVAK. Enkelte system kan tilsynelatande sende inn SYSVAK-melding på desse personane, men det vert ikkje registrert hjå SYSVAK, og dei vil heller då ikkje få koronasertifikat. Om det er eit særskilt behov for å få registrert slike vaksiner, må ein kontakte SYSVAK direkte.

### 7. Prioritering av vaksinar til tilsette i skule/barnehage/SFO

Vi har m.a. fått tilbakemelding frå Øygarden om at dei har opplevd stor pågang frå både enkeltpersonar og grupper som ønskjer prioritering i vaksinekø, og at det er ressurskrevjande å svare ut. Mellom anna gjeld dette tilsette i skule/barnehage/SFO.

Slik vaksineleveransane ligg an no, vil ein ikkje i alle kommunar sikkert kunne tilby alle tilsette i skule/barnehage/SFO vaksine før skulestart, ettersom ein berre kan bruke 10 % av dosane til desse gruppene. Deira oppmoding er å be sentrale styresmakter om å vere meir tydeleg i kommunikasjon av at "minuskommunar" framleis vil liggje bak prioriterte kommunar i vaksinasjonsdekning etter sommarferien pga. svikt i leveransar. Vi har vidareformidla dette til FHI som vil sjå på korleis dei kan ta det inn i sin kommunikasjon.

Som før er det opp til den enkelte kommune å avgjere om ein skal tilby vaksiner til tilsette i skule/barnehage/SFO eller ikkje. Det er eit tilbod til kommunane om at ein kan gjere ei slik prioritering, men det er ikkje eit krav. Det er kommunen som er arbeidsgjevar som skal tilby vaksine, ikkje kommunen der den tilsette er busett. Dersom det er fleire kommunar som vurderer at det ikkje let set gjere å vaksinere alle tilsette i skule/barnehage/SFO, ber vi om tilbakemelding om dette, slik at vi kan rapportere dette vidare.

#### Spørsmål i møtet frå Tysnes kommune om vaksinar skal prioriterast for studentar.

Tilbakemelding: Ein skal prøve å la studentar få dose ein i heimkommunen viss mogleg og det er lagt opp til at dose to blir gjeve der studieplassen er. Det er ikkje lagt opp til ei spesiell prioritering av studentar.

### 8. Epidemiologisk rapport

Vestland har hatt ein stabil nedgåande trend frå veke 18 og har de siste 4 vekene lege på eit stabilt lågt nivå. Denne utviklinga reflekterer i stor grad utviklinga i Bergen, kor det har vore ein betydeleg nedgang i tal på tilfelle. Vestland (13 per 100 000) og Møre og Romsdal (13 per 100 000) har lågast tal meldte tilfelle i forhold til befolkninga de siste to vekene. Andel positive var lågast i Vestland i veke 25 (0,4 %) Tal på testa personar er stabilt.



Full rapport kan de lese her: <https://www.fhi.no/publ/2020/koronavirus-ukerapporter/>

Fylkeslegens vurdering: <https://www.statsforvalteren.no/vestland/samfunnstryggleik-og-beredskap/krisehandtering-og-samordning/fylkeslegens-vurderingar/>

### 9. Bestilling av influensavaksine

FHI seier det til no er bestilt langt færre influensavaksinar enn dei hadde rekna med, og har fleire dosar tilgjengeleg. FHI minner om at mange gjekk tom for vaksinar i fjor. FHI forventar at gjenopning fortset som planlagt, og reknar med større sirkulasjon av luftvegsvirus i komande sesong. Det har no vore to sesongar med markant lågare influensaaktivitet enn vanleg, og FHI reknar difor med at immunitet i befolkninga er lågare enn vanleg.

Mange har ikkje bestilt inn forsterka vaksine til sjukeheimar, som også er anbefalt. Ein må også vere merksam på at det finst risikopasientar i barnepopulasjonen. For dei kan influensa vere ein meir alvorleg infeksjon enn Covid-19. Frist for bestilling var 1. juni, men kommunane kan etterbestille framleis. FHI kjem med oppmoding om at kommunane etterbestiller i ei samla bestilling per kommune. Denne informasjonen vil også gå ut i eige brev til kommunane.

### 10. Avslutning

Vi vil gje ein stor honnør til alle dykk i kommunane som har stått på og arbeidd så hardt denne våren òg. Vi ser og vi forstår godt at det har vore krevjande, og at det er mange, innbyggjarar og andre, som har store forventningar til dykk. De har igjen og igjen vist at de er svært omstillingsdyktige, samarbeider godt og hjelper kvarandre når det trengs.

Vi set stor pris på dialogen og samarbeidet med dykk, på spørsmål, innspel, ærlege og tydelege tilbakemeldingar.

Vi ønskjer alle ein god sommar – og ferie, i den grad får det.. Vi sjåast i alle fall igjen 12. august.

Til sist ei påminning som òg nemnt innleiingsvis om å ha lav terskel for å kontakte oss gjennom sommaren, og at vi raskt kan kalle inn til møte ved behov.